



BOK: Fredrik Schmidt Fotland (til venstre) planlegg å gje ut ei bok om korpsmiljøet i Nordhordland. Han håpar på samarbeid med kommunane, her representert med Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes og Radøy-ordførar Jon Askeland, som begge støttar prosjektet. FOTO: Livar Aksnes

# Korps mellom to permar

**NORDHORDLAND: Det skal lagast ei bok om korpsrørsla i Nordhordland.**

Publisert: 28.aug 2015 12:48 Oppdatert: 28.08 2015 12:48

AV: [Livar Aksnes](#)

- Korps er ein viktig del av identiteten her i Nordhordland, og i vinter fekk me ideen om at det kunne skrivast ei bok om korpshistoria her i distriktet, seier Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes når ideen om ei bok frå korpsmiljøet vert presentert for lokalavisene.

Den som hadde ideen, var Fredrik Schmidt Fotland, som skal skriva boka. Han har aldri spela i korps sjølv, men har hatt tilknytning til Krohnengen Brassband gjennom sambuaren. Han er busett i Bergen.

## Krimforfattar

- Men eg kjenner Nordhordland godt. Bestemor mi var frå Fosse i Alversund, og eg har vore her mykje i feriane, seier han.

Schmidt Fotland har bakgrunn som kriminalforfattar, så han skulle kunna to godt vare på dei dramatiske historiene i korpsrørsla.

- I haust vil eg reisa rundt til korpsa og samla inn stoff til boka, seier han.

## Dei to store

Naturleg nok er det dei to store brasskorpsa Eikanger-Bjørsvik Musikklag og Manger Musikklag som er mest kjende. Dei har gjort Nordhordland kjent i korpsmiljøet i heile Europa.

- Men boka skal ikkje berre handla om dei, men om alle skulekorpsa og vaksenkorpsa i distriktet, både brass og janitsjar, seier Schmidt Fotland.
- Det som er eineståande i Nordhordland er at her er så tett med korps, og at dei framleis greier å rekruttera, seier Aarhus Byrknes.
- Og at dei stadig greier å å få fram flinke musikantar, seier Schmidt Fotland.

## Inntektskjelde

Viss alt går slik Schmidt Fotland håpar, skal bokprosjektet vera fullfinansiert gjennom sponsormidlar. Både kommunane, fylkeskommunen, Norges Musikkorps Forbund og lokale verksemder vil verta spurde om å støtta prosjektet, som er kostnadsrekna til 1.175.000 kroner.

- Viss me klara dette, er det meininga at ein del av bøkene skal delast ut til korpsa, som kan selja bøkene som inntekt til korpset, seier forfattaren.

Aarhus Byrknes understrekar at ho ikkje kan forskottera kommunal støtte til prosjektet, men at det vil koma ei sak om dette.

## I 2017

Hausten skal brukast til å skaffa økonomisk støtte til prosjektet og innsamling av bakgrunnsstoff.

- Neste år vil gå med til å skriva boka, og så håpar me å kunna presentera boka ein gong i 2017, seier Schmidt Fotland.

Folk som meiner dei sit på interessant stoff eller bilde til boka, må gjerne ta kontakt med forfattaren. Boka skal koma ut på forlaget hans, Comino.

0 kommentarer

Sorter etter **Eldste**



Legg til en kommentar ...

 Facebook Comments Plugin

---

## SISTE NYTT

---

- 12:54 - [Eit stort puslespel å leggja](#)
- 11:42 [Står fast på konkurskrav mot Bergen Group](#)
- 10:58 [Sverdrup-rør i sjø ein stor siger for miljøet!](#)
- 09:13 [Tar bossdumping til politiet](#)
- 08:30 [Årets mål-kandidat på Fossemymra](#)
- 19:21 [Skadd etter gasseksplosjon](#)
- 18:32 [Me må vita kvaungdommen gjer](#)